

---

**Referent:** Sigrid Næsheim Bjercke**Dato** 22.11.2023

---

## Referat frå møte i regionalt planforum 03.10.2023

### Askøy kommune – kommuneplanen sin arealdel før offentlig ettersyn

#### Deltakarar:

**Askøy kommune:** Tirill Evensen, Arealplanlegger, Synne Guldberg, samfunnsplanlegger, Tone Skeide, Arealplanlegger, Eva Herdlevær, leder for enhet Arealplan, Knut Natlandsmyr, leder for sektor Plan og bygg, Vidar Grønnevik Davidsen, utvalgsleder i politisk utvalg for miljø og teknikk

**Statsforvaltar:** Sarah Kvåle Skouen, Eirik Brynjelsen, Svein Kornerud, Egil Hauge,

**Kystverket:** Turid Susort Jansen

**Fiskeridirektoratet:** Ola Midttun,

**Statens kartverk:** Aase Midtgaard Skrede

**NVE:** Toralf Otnes

**Mattilsynet:** Victor Martin Horvath

**Statens vegvesen:** Sigmund Bødal

**Direktoratet for mineralforvaltning:** Arita Stene

**Forum for Natur og friluftsliv:** Gunvar Mikkelsen

#### Vestland fylkeskommune:

Avdeling NPI- næring, plan og innovasjon, seksjon - Plan, klima og analyse : Eva Katrine Ritland Taule, Ingunn B. Skjerdal, Sigrid Næsheim Bjercke, Ragnhild Berge Fedje, Tine Sille Svendsen (trainee)

NPI – seksjon naturforvaltning - Kari Bjørndal, NPI - næring -Sølve Sondbø

Avdeling Mobilitet og kollektivtransport MOK - Gunhild Raddum,

Avdeling INV – infrastruktur og veg – seksjon forvaltning - Tone Bøyum, Caroline Nordøy Håvik,

Avdeling KFO – kultur og folkehelse , seksjon kulturarv - Henriette Maria H. Wendelbo, Robert Stormark, Helene Moe, KFO - seksjon idrett og friluftsliv - Hanne Marthe Espe

#### Tema for møtet:

Kommunen har plan om å få vedtatt en ny arealdel som viser ønsket utvikling og forvaltning av Askøy, og et oppdatert styringsverktøy for plan- og byggesaker i kommunen. Planforslaget omfatter hele kommunen og er utarbeidet av kommunens administrasjon. Kommunen ønsket tilbakemelding på hele planforslaget, men særlig på foreslått senterstruktur og vekstsoner, forvaltning av strandsonen og bestemmelser om klima- og miljø. Hvordan planforslaget svarer på nasjonale og regionale føringer. Regionale myndigheters vurderinger knyttet til foreslått havneområde i sjø (Kildn).

#### Orientering frå kommunen

Tema som vart presentert var :

- Gjeldande KPA
- Planprosessen
- Premiss for planarbeidet
- Kunnskapsgrunnlaget
- Planforslag til ny KPA
- Generelle endringar

av 6

- Vekstsoner, senterstruktur, bustad
- Plankrav
- Strandsone
- Klima og miljø
- Kildn

### **Innspel frå planforum :**

#### **Senterstruktur og vekstsonar**

**VLFK** – det er positivt at dei to regionale planane for attraktive senter og areal og transportplan for Bergensområdet ( RATP) er lagt til grunn for planarbeidet, saman med byvekstavtalen. VLFK er positiv til hovudgrep for senterstruktur, og vil vurderer nærare avgrensing av sentera i høve til gangavstandar og lokale tilhøve.

**Statsforvaltar (SF)**– vurderer at kommunen har ei god tilnærming til ny KPA med omsyn til senterstruktur og byggesoner. Sør på Askøy kan det vere ein utfordring at det til dels er overlapping mellom regionsenter lokalsenter og nærsenter. SF stiller spørsmål til kriteria for val av senter særleg når det gjeld Hanøy.

**Askøy kommune (AK)** - Hanøy, vart lagt inn som del av politisk handsaming. Kommunen presiserer at det her er snakk om eit nærsenter, der det er ynskje om å legge til rette for tilbod retta mot nærområdet.

Når det gjeld– Askøy senter og Nedre Klepp er kvalifiserer ikkje desse til nærsenter i følgje kriteria kommunen har sett opp for KPA, men det er lagt inn som handelscenter fordi det er behov for meir handelsareal på grunn av handelslekkasje til andre kommunar.

**SF og VLFK** – må komme tilbake til dette ved høyringa, og vurderer forslaget opp mot regional plan for attraktive senter, senterstruktur og handel.

**SF** – vurderer at forslaget utfordrar byvekstavtalen og nullvekstmålet, og stiller spørsmål til om sentera er lokalisert i høve til at det er tilstrekkeleg kollektivtransporttilbod.

**VLFK – avd. mobilitet og kollektiv ( MOK )** – det er gjort gode grep med omsyn til samordna areal og transport, men det er framleis område som vil ligge utanfor godt kollektivtilbod. *Kollektivplan vest*, må ligge til grunn for KPA. Båttilbod frå Kleppstø vil vere tett kopla til resten av kollektivtilbodet, og vere styrande for frekvens og rutetilbod. Mogeleg utviding av kollektivtilbod på sjø er usikkert pga høge kostnader knytt til drift.

Regional areal og transportplan for Bergensområdet har retningslinjer for større bustadområde, om at det skal vere dokumentert at det er lagt til rette for trygg skuleveg. VLFK si kartlegging viser at det er i dag mange skuleborn på Askøy som er avhengig av skulebuss ikkje pga avstand, men fordi skulevegen er for farleg å gå.

*Strategi for mjuke trafikantar og Strategi for bærekraftig mobilitet* må ligge til grunn for planarbeidet.

**Mattilsynet** –minner om at infrastruktur for vann og avløp og drikkevatt tilførsel, må vere del av KPA. Det er viktig å sikre kapasitet som tar høgde for årsvariasjonar og auka behov ved fortetting.

**AK** – viser til at det er lagt inn sikringssoner og klausular i plankart knytt til vasstryggleik.

**VLFK – infrastruktur og veg – (INV)**– har fokus på at det skal vere sikra at det er tilstrekkeleg kapasitet til fortetting og auka bruk på fylkesvegnettet. Til fleire av senterområdene er det stilt krav om Miljøgate. Dette er eit utdatert omgrep. INV vil vere opptatt av å sikre transportfunksjonen på vegnettet, til dømes på Fromreide. KPA legg til rette for at Fromreide kan utviklast på begge sider av fylkesveg. Dette er ikkje ønskeleg av omsyn til trafikktryggleik.

av 6

Vekstsonene er omfattande og ein bør vurdere å redusere omfanget.

Det ble nemnt at det er uheldig med byggegrense satt til 15 meter frå fylkesveg 5252 og 5266. Vi anbefaler å auke denne til 30 meter. Føresegnene må vere tydelege på at forbod om bygging innanfor byggegrensa gjeld alle type tiltak.

INV etterspør kva framdrift det er i Områdeplan for Kleppestø.

**AK** – Områdereguleringsplan for Kleppestø senter vart vedteken i 2013, men ble kort tid etter lagt opp til revidering. Kommunen er i prosess med å utarbeide mobiltetsplan for Byneset og Kleppestø som er viktig premis for gange og sykkel i begge planane.

**Statens vegvesen - SVV** – er positiv til hovudgrep og presiserer at kollektivtilbod må vere ei viktig premis for busettingsmønster og er skeptisk til bruk av miljøgate i plan.

**Statsforvaltar – landbruksavdelinga** – gir ros for bra arbeid med KPA. Kommunen prioriterer fritid og landbruk – og det er viktig at det føreligg arealregnskap som del av kunnskapsgrunnlaget ved høyringa. Askøy har tidlegare opna for stor grad av nedbygging av landbruksareal, og har lite restareal. Det kan difor berre opnast for maks 1-10daa i året. Det betyr at det berre er rom for tett senterutvikling og veg og lite anna. Det bør difor vurderast om det er fleire gamle bustadfelt som bør revurderast, og ikkje vidareførast i KPA, i tillegg til dei som allereie er fjerna.

Det er interessant å få dokumentert kor mykje areal som er sett av til bustad i høve til det som er kommunen sitt behov i planperioden.

**AK** – kommunen har ikkje oversikt over total kapasitet, men har lagt vekt på redusere spreidd byggesetnad. Dette er nye grep og kommunen vil sjå nærare på dette i samband arbeid med bustadbyggeprogram.

Senterstruktur og meir konsentrert byggesetnad legg til rette for ein betra situasjon, og det vert utarbeida arealregnskap i samband med offentleg høyring. Det er noko usikkert om *Mobiltetsplan* vest, som nyleg vart vedteken er innarbeida i planforslaget.

**VLFK - plan** - det er ønskeleg med å legge opp til rask rullering for at kommunen skal kunne ha en styringsdyktig KPA.

**AK** – Først og fremst er det viktig å få vedtatt ny KPA, for å ha en styringsdyktig KPA. Framover kan det være hensiktsmessig å rullere på tema, heller enn rullering av heile planen, og dermed få til enklare prosesser.

**SF** – Positivt at kommunen har kome så langt, men peiker på at vidareføring av reguleringsplanar er vanskeleg å etterprøve og at det er ønskeleg med å få betre dokumentasjon om kva som er endra sidan førre KPA. SF stiller også spørsmål til vurdering som ligg bak kva for vedtekne reguleringsplanar som skal gjelde framfor KPA, mellom anna grense ved 2013. Dette er utfordrande mellom anna knytt til støy og byggegrense. Statsforvaltar tilbyr samhandling i forkant før offentleg høyring.

**AK** – viser til at nyaste reguleringsplanar skal gjelde – og at KPA legg opp til oppheving av 52 reguleringsplanar. Kommunen har eit sterkt ønske om å få planen vedtatt politisk.

**VLFK – plan** - Det vil vere nyttig med ei kartfortelling som visar før og etter situasjon i plankart. Dette vil legge til rette for enklare medverknadsprosessar og bidra til transparens for høyringspartar og publikum.

### **Strandsone**

**SF** – det er gjort ei omfattande gjennomgang av grønt belte mellom sjø og bygg på generelt grunnlag. SF viser til at det er gjort ei ny kartlegging av funksjonell strandsone og utarbeida ei ny rettleiar med noko ulik metodikk og tilnærming enn det Askøy kommune har nytta. Det skal vere

av 6

ein konkret vurdering av byggegrense til sjø, ikkje generell vurdering. Grense på 10 m som i planforslaget er rekna som lite i denne samanheng.

SF støtter plankrav som vil vere viktig ikkje minst inn mot strandsoneproblematikk. Strandsone er eit omfattande og komplisert tema der ein må sjå på areal for å sjå dei ulike konsekvensane av planforslaget. Det er vist nye areal som byggeformål til sjø i forslag til KPA, dette må vurderast nærmare i høyringa.

### **Andre plantema**

**VLFK - plan** – generelt oppmuntrar vi til at det vert lagt inn tid til samspel med stat og regionale myndigheiter i forkant for å unngå mellom anna motsegn av teknisk karakter, jmf. tilbod om råd og støtte frå dei ulike instansen i planforum.

**VLFK - næring** – det er nye nasjonale forventningar om å legge til rette for grøn næringsutvikling i kommunale planar. Utviding av Hanøytangen kan ha potensiale til bygging av havvind. Det er underskot på denne type lokalitetar og bør vurderast i samband med ny KPA.

**AK** – tek dette til orientering.

**Kystverket** – Kommunen må vurdere konsekvens av tiltak opp mot sjøtransport og allmenn ferdsel på sjø. Kommunen må vurdere om foreslått utvikling vil ha betydning for sjøtransporten og allmenn ferdsel på sjø. Plankartet må vise juridiske samferdselslinjer på sjø. I områder der fiske ligg i hovud- og bilei må ein nytte kombinert arealformål ferdsel/farlei/fiske for å unngå motsegn. KV vil sende skriftleg tilbakemelding til kommunen før høyring.

**VLFK - klima** – mye bra i føresegn – kunne vore tydeleggjort, grunnkje val knytt til gjennomføring, myr og omgjevnader med omsyn til tilsig av vatn og inngrep, identifisere behov for restaurering. Ønskeleg med retningslinjer knytt til tema, og trekker særleg opp behov for at eldre reguleringsplanar også vert vurdert i høve til klima.

**Forum – natur og friluftsliv** - spør om det er eit kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfald og korleis stiller planen seg til ålmenta si tilgang til strandsona.

**AK** – svarar at det ikkje er utarbeida eigen rapport, men nytta tilgjengelege databasar. Det er lagt opp til ålmenn tilgjenge til strandsona.

**SF** – viser til nytt kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfald

**VLFK - plan** – KU ikkje del av materiale planforum – rår til vert sjekka ut mot regional mynde knytt til metodikk og nye krav.

**Mattilsyn** – har fokus på plantehelse og flytting av masser . KPA bør stille krav til rutinar knytt til plantar og fisk for å sikre at det ikkje vert overført smitte frå eit område til eit anna .

**VLFK - kulturarv** – har innspel av generell karakter knytt til kulturminne i kart og føresegn.

*Automatisk freda kulturminne*- understrekar behov for endringskart for å kunne gå inn i materiale og vurdere konsekvensar av foreslått arealbruk. VLFK seksjon for kulturarv stiller seg til rådigheit for å rydde opp i tekniske forhold knytt til kulturminne i kart og føresegn før høyringa.

*Nyare tids kulturminne* – Det er bra at Kommunen sin kulturminne plan er lagt til grunn for KPA – savne at det blir vist tydelegare kopling mellom denne og føresegnene. Det er behov for noko justering av bruk av omsynssoner og seksjon for kulturarv kan hjelpe med råd og rettleiing.

**NVE** – energianlegg – større kraftleidningar er markert med omsynssoner – men ikkje tatt inn i føresegnene. Det er behov for å markere aktsomheitsoner knytt til naturføre særleg der det er opna for utbygging. Det kan dreie seg om omsynssone som viser potensiell fare for flaum og skred og kvikkleire under marin grense. Det er utarbeida betre terrengmodellar for lokalklima og skog enn tidlegare, noko som skaper mindre behov for fagkyndige utgreiingar, NVE kan bidra med rettleiing om korleis gjennomføre dette i praksis.

av 6

Det er viktig at plankartet viser omsynsoner for naturføre der det overlappar areal sett av til utbygging. Det kan utarbeidast fleire plankart med omsynssoner. Viktig at dei vert juridisk bindande og at det er knytt plankrav til bygging i omsynssoner for naturføre jmf handbok H518.

**VLFK - vassforvaltning** – det er miljømål for alt vatn. I Askøy kommune er det 66 vassførekomstar. Dagens tilstand; 25 vf er under god økologisk tilstand og 10 vf har dårleg kjemisk tilstand. Det er bra at KPA legger opp til sanering av avløp. Forvaltningsplan for Vestland vassregion 2022-2027 skal ligge til grunn for KPA, jf. PBL 8-2 og vassforskrifta § 29.

### **Kildn**

**AK** – Forslag om hamneføremål sør vest på Askøy er lagt inn på bakgrunn av innspel frå grunneigar. Det har vore opp til politisk behandling og gjort vedtak om at føremålet skal vere del av forslag til KPA. Kommunen understrekar at det er behov for vurdering av regionale interesser, og viser til at det er tatt initiativ til å få tilbakemelding frå regionale myndigheiter undervegs, men ikkje vore mogeleg å få tilstrekkeleg avklaring. Det er omfattande politisk diskusjon i kommunen om forslaget. Det er einigheit på tvers om at dersom et slikt forslag skal realiserast, må det vere med bakgrunn i et regionalt eller statleg behov.

**SF – plan** – Statsforvaltar etterspør konsekvensutgreiing med alternativvurdering, og viser til at det er først mogeleg å vurderer tiltaket opp mot statlege og regionale interesser når det er utarbeida KU.

**AK** – Kildn er vurdert i en KU som vil bli lagt fram til høyring samen med planforslaget.

**SVV** – Planforslaget legg opp til at Kildn skal vere eit næringsområde knytt til turisme og grøn næring. Det vert teke høgde for at det skal kunne gi grunnlag for mange arbeidsplassar som vil medføre auka persontransport og næringsaktivitet vil skape auka tungtransport. Det er uklart om cruiseturistar skal fraktast med båt eller buss. SVV viser til at Askøypakken ikkje er dimensjonert for dette, og det er stort behov for å greie ut kva konsekvensar forslaget har for behov for ny infrastruktur.

**VLFK – infrastruktur og veg, (INV)** – Generelt - er det bra at kommunen er komen så langt med KPA. Det er usikkert om og i, kva for grad infrastruktur har vore del av KU .

Kildn - INV peiker på at det er ikkje gjort greie for tilkomst til offentleg infrastruktur. Det er vanskeleg å vere konkret når føremålet ikkje er meir konkret. Det kan bli behov for å vurdere fylkesvegnettet heilt fram til Storavatn.

INV ynskjer samhandlingsmøte i forkant av høyring for å diskutere infrastruktur og fylkesvegnettet. Vi ynskjer mellom anna å diskutere arealføremål «Sambandet Vest», byggjegrænse langs fylkesvegnettet, plankrav, krav til gang- og sykkelveg mm.

**Fiskeridirektorat** – etterlyser meir informasjon om Kildn og melder behov for eit evt. arbeidsmøte.

**VLFK – mobilitet og kollektiv** – det er behov for breiare kunnskapsgrunnlag for å kunne ta stilling til Kildn.

**VLFK – kulturarv** - forhold til kulturminne er ikkje utgreidd og må skje gjennom ei reguleringsplanprosess.

**AK** – kommunen viser til *Grøn region vestland* som kom med forslag om Kildn fyrste gong og viser til at det truleg er behov for ein slik aktivitet i regionen.

**VLFK næring** – presiserer at det er ikkje *Grøn region vestland*, som står bak Kildn, men at fylkeskommunen gjennom *Grøn region vestland*, har engasjert konsulentselskapet EY for å kartlegge registrert aktivitet knytt til grøn næring i regionen og samla dette i ein rapport. Det er viktig å understreke at rapporten ikkje er ikkje er handsama politisk.

**SF – plan** - minner om at det er kommunen som er planmynde og har det overordna ansvaret for arealbruk.

av 6

**AK** – etablering av Kildn har verknad ut over kommunen. Det er behov for tydeleg tilbakemelding frå fylkeskommunen om det er behov for Kildn i regionen, er dette noko fylket ønsker og kva verknad vil det ha for Bergen hamn?

**SF – plan** - melder at Kildn har verknad for etablert og framtidig hamnestruktur. Statsforvaltar har ikkje vore del av prosessen, og minner om krav om å alternativvurderingar. **VLFK plan** – ein kan stille spørsmål om forslaget er modent og at det kan synast som det er for tidleg å binde opp areal i KPA til føremålet og at forslaget sitt omfang og karakter bør først vurderast som del av regional areal og transport plan.

**Takk for møtet!**